

Vedlegg 8 Forslag fra aksjonær

## Forslag fra aksjonær til generalforsamling, 7. mai 2026

Forslag fra aksjonær Kurt Jan Nilsson (eier av 9265 aksjer):

*«Hydro bør utgreie korleis kjernekraft kan verte ein del av konsernet sin energi- sourcing, enten gjennom direkte eigar- og operatørskap eller gjennom partnerskap».*

### **Begrunnelse**

Underteikna er aksjeeigar og tidlegare tilsett i Hydro gjennom 40 år. Med basis i dette er selskapet sin strategi for inndekking av energi til aluminiumsproduksjon eit område av særskild stor interesse. Hydro disponerer ein solid portefølje med regulerbar vasskraft, tilsaman ein årsproduksjon på nær 10 TWh/y. Fundamentet for produksjon av aluminium med lågt karbonavtrykk er såleis på plass. Kva er då ein fornuftig strategi vidare?

Her ynskjer underteikna ta til orde for ein pragmatisk tilnærming. Denne er basert på fylgjande resonnement;

Andelen vêravhengig uregulerbar kraft i den europeiske griden er allereide for høg. Det er difor svært sannsynleg at ein strategi for å bygge enno meir uregulerbar og vêravhengig kraft vil feile. Det er mange teikn som peikar i den lei, ref massiv industridød i Tyskland og UK. Ideen om vindkraft som innsatsfaktor for grøn aluminumproduksjon er også i ferd med å smuldre opp, basert på nyare livsløpsanalyser som syner at karbonavtrykket til vindkraft er jamførbart med gasskraft.

(J.Emblemsvåg, Journ. of Sustainable Energy Vol 44, 2025)

Årsaka til dette er todelt, for det fyrste at vindkraftgeneratorar er basert på permanente magnetar som fordrar utvinning av REE og for det andre at store deler av balansekrafta som krevst er gass- og/eller kol-basert.

Hydro bør difor refokusere, og utgreie alternative energiløysingar. Som langsiktig strategisk aktør bør Hydro difor seriøst vurdere å gå inn i kjernekraft. Årsakene til at dette vil vere eit langsiktig godt val, er fleire:

Kjernekraft har;

- det lågaste karbonavtrykket
- ein livssyklus opp mot 100 år
- er komplementært vasskraft ved å danne stabiliserande grunnpådrag i griden
- kan køyrast i øy-modus dersom naudsynt
- målt iht dødsulukker er kjernekraft den sikraste enerikjelda.

Hydro som både produsent og storforbrukar av kraft bør ikkje sjå forbi desse fordelane. Sidan tilsvarande framlegg var framme også på førre Generalforsamling, er det likevel verd å ta dette opp att no. Dette fordi i mellomtida er den fyrste konsesjonshandsaming for kjernekraftproduksjon sett igang. Denne ligg i Aure & Heim, relativt nær Hydro Sunndal, og vil ved potensiell realisering bidra med 12,5 TWh produksjon i underskotsområdet NO3 og kan, føresett vilje, realiserast så tidleg som 2035. Videre vart kjernekraftutvalet sin rapport lagt fram den 8. april i år. Denne vart i forrige GF, nemnt som årsak til at Hydro ville avvente å ta vidare strategiske steg iht potensiell kjernekraft involvering.

### **Styrets respons til aksjonærforslag fra Kurt Jan Nilsson, sak 14 til Norsk Hydro ASAs generalforsamling 7. mai 2026**

Hydros strategi fokuserer på å utnytte mulighetene fra det grønne skiftet, drive vekst i aluminiumgjenvinning og ekstrudering, og gjennomføre fornybar kraftproduksjon og bærekraftsambisjoner.

Som en del av Hydros 2030-strategi (link [Investor Day 2025](#)) har Hydro sine vekstambisjoner innen aluminiumgjenvinning, ekstrudering og fornybar kraftproduksjon, samtidig som de opprettholder sin primærproduksjon av aluminium og bauksitt- og aluminavirksomhet. Hydro vil gjennomføre sin avkarboniseringsplan, og bidra til naturpositiv og rettfærdig overgang, samtidig som de former markedet for grønnere aluminium.

Etablering av kjernekraft vil være kostbart å utvikle, vil kreve store subsidier og nødvendiggjør etablering av nytt regelverk og reguleringsorganer. [Energidepartementet oppnevnte 21. juni 2024 et](#)

[utvalg](#) som skal utrede kjernekraft som en mulig kraftkilde i Norge. Utvalget leverte sin rapport 8. april 2026 og rapporten er nå gjenstand for offentlig debatt. Utvalgets hovedkonklusjoner er som følger:

*«Utvalget vurderer at kjernekraft i prinsippet kan etableres trygt i Norge, men konkluderer med at kjernekraft **ikke er samfunnsøkonomisk lønnsomt eller hensiktsmessig å igangsette nå**. Kjernekraft kan først bli relevant på **lang sikt (etter 2045–2050)**, og da kun dersom kostnader faller betydelig og rammebetingelser endres.»*

Hydro tilpasser kapitalallokeringen i samsvar med selskapets strategi, som når det gjelder energi betyr å utvikle sin fornybare kraftportefølje ved å utnytte og bruke sin kompetanse og eksisterende eiendeler. I Norge fokuserer Hydro på utvikling og implementering av kostnadseffektive teknologier, som landbasert vindkraft, samt forbedring og oppgradering av sin vannkraftportefølje. Kjernekraft er utenfor Hydros gjeldende strategi og kompetansebase.

Styret setter pris på interessen for Hydros virksomhet og strategi, og understreker viktigheten av å etterleve prinsippene for god eierstyring og selskapsledelse, herunder at selskapets strategi fastsettes av styret.

På bakgrunn av ovennevnte anbefaler styret at generalforsamlingen stemmer mot forslaget.